



Delårsrapport for 3. kvartal 2023



Kvartalsrapport for 3K 2023

Rekneskapsprinsipp

Valle Sparebank nyttar IFRS 9 som rekneskapsstandard. Delårsrekneskapsen er ikkje revidert.

Forvaltningskapital

Pr. 30.09.23 er forvaltningskapitalen på 2.234 mill. kroner. Dette er ein auke på 106,2 mill. kroner, eller 5 % samanlikna med same tidspunkt i fjor.

Utlån

Brutto utlån er pr. 30.09.23 på 1.860,9 mill. kroner, som er ein vekst på 111 mill. kroner, eller 6,4 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Brutto utlån har auka med 71,8 mill. kroner sidan 31.12.22. Banken har ved utgangen av 3. kvartal formidla utlån gjennom Eika Boligkreditt på 776,2 mill. kroner, ein auke på 30,9 mill. kroner siste 12 månadar. Sidan nyttår er det ein nedgang på 5,1 mill. kroner. Utlånsveksten inkl. EBK utgjer 5,73 %.

Innskot

Innskot frå kundar er pr. 30.09.23 på 1.760,7 mill. kroner, som er ein auke på 73,2 mill. kroner, eller 4,33 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Innskot frå kundar dekker 94,58 % av brutto utlån. Til same tid i fjor var tilsvarande forholdstal 96,45%. Det har vore ein auke i innskot på 4,3 mill. kroner sidan 31.12.22.

Resultat av ordinær drift

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter pr. 30.09.23 er på 37,5 mill. kroner, som er 11,2 mill. kroner høgare enn på same tid i fjor. Rentenettoen utgjer 2,26 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 1,65 % på same tidspunkt i fjor. Andre driftsinntekter er på 11,7 mill. kroner, som er ein auke på kr 0,7 mill. kroner samanlikna med same tidspunkt i fjor.

Driftskostnader utgjer 26,1 mill. kroner, som er ein auke på 3,2 mill. kroner i forhold til same periode i fjor. Av dette er 11,6 mill. kroner løn og andre personalkostnader mot 9,8 mill. kroner for same periode i fjor.

Resultat før skatt viser eit overskot på 23,6 mill. kroner, mot eit overskot på 14,2 mill. kroner på same tid i fjor. Resultat av ordinær drift etter skatt viser eit overskot på 18,4 mill. kroner mot 11,5 mill. kroner på same tid i fjor. Etter ei negativ verdijustering på aksjar målt til verkeleg verdi over utvida resultat på 1,3 mill. kroner, viser totalresultatet eit overskot på 17,1 mill. kroner. Til samanlikning viste totalresultatet eit overskot på 17,6 mill. kroner på same tid i fjor.

Tap på utlån og garantiar

Det er inntektsført kr 466.000 i tap på utlån og garantiar. I fjor på same tid var det ei kostnadsføring på kr 223.000.

Kapitaldekning

Banken har ein netto ansvarleg kapital på 208,7 mill. kroner ved utgangen av 3. kvartal 2023. Dette gjev ei kapitaldekning på 20,97% utan at årets overskot er lagt til bankens ansvarlege kapital. Konsolidert kapitaldekning er 20,95 %.

Utsikter for resten av året

Det auka rentenivået bidreg til eit godt kvartalsresultat for banken. Rentemarginen har auka i høve same tid i fjor. Norges Bank har sidan september 2021 sett opp styringsrenta til 4,25%. Norges Bank har varsla at renta truleg skal opp til 4,50% i desember. Dei økonomiske utsiktene er framleis usikre, med høg prisvekst, auke i rentenivå og krig i Ukraina. Det er uklart kva konsekvens dette vil ha for økonomien på sikt. Høgare kostnadsnivå vil og svekke gjeldsbetjeningsevna til kundane. Det vert då endå viktigare å halda fram det gode arbeidet med overvaking og oppfølging av kredittrisikoen i utlånsporteføljen.

Valle Sparebank har i oktober bytta kjernebanksystem frå SDC til Tietoevry. Overgangen til nytt system har vore arbeidskrevjande, og har hatt stor fokus i banken.

Resultat av underliggende drift er så langt i tråd med styrets forventningar.

Valle, 14. november 2023

I styret for Valle Sparebank

(signert med Bank ID)

Anne Gjerden
(styreleiar)

Knut Inge Hovet
(nestleiar)

Elisabeth B. Spockeli

Kent M. Lund

Tor Arild Rysstad
(tilsettes representant)

Jostein Rysstad
(adm.banksjef)



Resultatrekneskap

<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>	Note	3. kv. 2023	3. kv. 2022	01.01.- 30.09.2023	01.01.- 30.09.2022	2022
Renteinntekter fra egedelar vurdert til amortisert kost		24.622	13.895	66.417	37.476	55.072
Renteinntekter fra øvrige egedelar		2.476	1.101	6.253	2.607	4.120
Rentekostnader og liknande kostnader		13.721	5.364	35.135	13.718	21.799
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		13.377	9.632	37.535	26.365	37.393
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		2.949	3.124	9.025	9.420	11.498
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		527	405	1.319	1.212	1.650
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument		52	63	2.825	3.524	4.220
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	Note 6	667	-303	1.072	-906	-318
Andre driftsinntekter		44	56	125	183	225
Netto andre driftsinntekter		3.185	2.535	11.728	11.009	13.975
Løn og andre personalkostnader		3.574	3.208	11.550	9.837	13.672
Andre driftskostnader		4.575	3.832	14.260	12.385	18.476
Avskrivningar og nedskrivningar på varige og immaterielle egedelar		310	248	311	745	993
Sum driftskostnader		8.459	7.288	26.121	22.967	33.141
Resultat før tap		8.103	4.879	23.142	14.407	18.227
Kreditttap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	Note 4	-14	-164	-466	223	1.138
Resultat før skatt		8.117	5.043	23.608	14.184	17.089
Skattekostnad		2.020	1.280	5.200	2.700	3.416
Resultat av ordinær drift etter skatt		6.097	3.763	18.408	11.484	13.673
<i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i>						
Verdiendring egenkapitalinstrument til verkeleg verdi over utvida resultat	Note 6	0	653	-1.260	6.109	12.630
Sum poster som ikkje vil bli klassifisert over resultatet		0	653	-1.260	6.109	12.630
Totalresultat		6.097	4.416	17.148	17.593	26.303

Balanse - Egedelar

<i>Tal i tusen kroner</i>	Note	30.09.23	30.09.22	31.12.22
Kontantar og fordringar på sentralbankar		24.735	44.308	43.988
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		13.891	37.094	62.034
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi		0	0	0
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	Note 3	1.856.745	1.744.726	1.783.336
Renteberande verdipapir	Note 6	198.131	178.562	179.156
Finansielle derivat		0	0	0
Aksjar, andelar og andre egenkapitalinstrument	Note 6	121.547	102.567	120.385
Immaterielle egedelar		0	0	0
Varige driftsmidlar		13.845	15.687	15.439
Andre egedelar		5.164	4.939	4.383
Sum egedelar		2.234.058	2.127.883	2.208.721

Balanse - Gjeld og egenkapital

<i>Tal i tusen kroner</i>	Note	30.09.23	30.09.22	31.12.22
Innlån frå kredittinstitusjonar		112.013	105.778	106.012
Innskot frå kundar		1.760.684	1.687.536	1.756.374
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	Note 7	50.157	50.075	50.094
Finansielle derivat		0	0	0
Anna gjeld		9.517	9.336	10.689
Andre avsetningar		7.392	5.437	7.371
Sum gjeld		1.939.763	1.858.162	1.930.540
Opptent egenkapital		275.887	258.237	278.181
Periodens resultat etter skatt		18.408	11.484	0
Sum egenkapital		294.295	269.721	278.181
Sum gjeld og egenkapital		2.234.058	2.127.883	2.208.721

Tal i tusen kroner	Opptent egenkapital						Sum egenkapital
	Sparebankens fond	Utjæmningsfond	Gåvefond	Fond for vurderingsforskjeller	Fond for urealiserte gevinster	Anna opptent egenkapital	
Eigenkapital 31.12.2022	245.830	0	5.484	0	26.867	0	278.181
Resultat etter skatt	18.408						18.408
Verdiendring egenkapitalinstrument til verkeleg verdi OCI					-1.260		-1.260
Totalresultat 30.09.2023	18.408	0	0	0	-1.260	0	17.148
Utbetaling av gåver			-1.034				-1.034
Eigenkapital 30.09.2023	264.238	0	4.450	0	25.607	0	294.295
Eigenkapital 31.12.2021	233.651	0	5.346	0	14.243	0	253.240
Resultat etter skatt	11.484				6.109		17.593
Totalresultat 30.09.2022	11.484	0	0	0	8.266	0	17.593
Utbetaling av gåver			-1.112				-1.112
Eigenkapital 30.09.2022	245.135	0	4.234	0	22.509	0	269.721

Nøkkeltal

Nøkkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert	3.kvartal 2023	3.kvartal 2022	Året 2022
Resultat			
Kostnader i % av inntekter justert for VP	54,20 %	60,00 %	64,12 %
Kostnadsvekst siste 12 mnd	13,73 %	10,75 %	10,76 %
Eigenkapitalavkastning* (annualisert)	8,25 %	9,17 %	9,90 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (ekskl.VP, inkl prov.EBK)	28,40 %	45,19 %	27,65 %
Innskotsmargin hittil i år	1,81 %	1,88 %	1,12 %
Utlånsmargin hittil i år	0,95 %	1,20 %	1,02 %
Netto rentemargin hittil i år	2,26 %	1,65 %	1,74 %
* EK-avkastning basert på totalresultat			
Balanse			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	8,42 %	9,09 %	8,29 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	31,29 %	31,91 %	32,30 %
Innskotsdekning	94,58 %	96,45 %	98,17 %
Innskotsvekst (12 mnd)	4,33 %	-0,42 %	4,57 %
Utlånsvekst (12 mnd)	6,40 %	5,25 %	6,20 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	5,73 %	5,52 %	7,15 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	2.219.554	2.131.111	2.143.616
Nedskrivningar på utlån og misleghald			
Resultatførte tap i % av gjennomsnittleg brutto utlån	-0,03 %	-0,01 %	0,07 %
Tapsavsetningar i % av brutto utlån	0,26 %	0,28 %	0,32 %
Soliditet¹			
Rein kjernekapitaldekning	20,95 %	20,54 %	20,68 %
Kjernekapitaldekning	20,43 %	19,99 %	21,14 %
Kapitaldekning	19,95 %	19,50 %	21,68 %
Uvekta kjernekapitalandel	8,45 %	8,16 %	8,58 %
¹ Inklusiv konsolidering av samarbeidsgrupper			
Likviditet			
LCR	188	194	184
NSFR	144	139	141

Noter til rekneskapen

Note 1 – Rekneskapsprinsipp og viktige estimat og skjønsmessige vurderingar

Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen pr.30.09.2023 er utarbeidd i samsvar med Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak kapittel 8, her under IAS 34 Delårsrapportering. Det er i forskrifta gitt unntak for kravet om å utarbeide kontantstraumoppstilling, og banken har brukt dette unntaket. Kvartalsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med gjeldande IFRS standardar og IFRIC fortolkingar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2022.

Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle tek føresetnader og må nytte estimat og skjønsmessige vurderingar. Estimater og skjønsmessige vurderingar vert løypande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert sett som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnader og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er nytta. I årsrekneskapen er det gjort nærare reie for kritiske estimat og vurderingar som gjeld bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er angitt. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

Bankens rekneskapsføring av forventa kredittap

Ved vurdering av forventa kredittap skal bankane ta høgde for dei aktuelle forholda på rapporteringstidspunktet og forventningane til den økonomiske utviklinga. Nedskrivning vert rekna ut på grunnlag av utviklinga i kundane si risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper (PD og LGD). Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makroforhold) som enno ikkje har fått effekt på den nemnde risikoklassifiseringa ved vurdering av nedskrivingsbehov på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for utrekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, som sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling.

Det er for tida stor uvisse om dei økonomiske forholda og utsiktene. Det medfører at bankens tapsnedskrivningar for kundar i både trinn 1, 2 og 3 må baserast på nye scenario og føresetnader. Det er tatt omsyn til om kundane også etter ei normalisering, og på lengre sikt, vil vere negativt påverka. Bankane har konkret vurdert om utlåna til kundane har indikasjon på auka kredittisiko eller om utlåna har vorte kredittforringa med utgangspunkt i at det vil vere bransjar og kundesegment som må forventast å verte ramma ekstra hardt. Vurderingane er gjennomført på både individuelt nivå (større engasjement og utsette engasjement) og gruppenivå og ved bruk av skjøn.

Banken gjev pantelån der verdien av sikkerheitsobjekta i form av fast eigedom er eit vesentleg kritisk estimat ved utrekning av forventa kredittap. Utviklinga i verdien på pantobjekta på kort og lang sikt er forbunde med usikkerheit. Banken har ved utrekninga av forventa kredittap vurdert engasjementa som er mest utsett for verdifall grunna blant anna pantobjektets tilstand og plassering. Banken har hatt særleg fokus på vurdering av engasjement i den del av utlånsmassen som har høgaste gjeldsgrad og/eller er mest utsett for bortfall av betjeningsevne.

I dei tilfelle engasjementet er vurdert til å ha auka kredittisiko, eller er merka «forbearance», er engasjementet migrert til steg 2. I tilfelle der det er de er avdekka objektive teikn på verdifall er engasjementet migrert til steg 3.

Verkeleg verdi for finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje vert handla i ein aktiv marknad, vert fastsett med å bruke ulike verdsettingsteknikkar. I desse vurderingane søker banken i størst mogleg grad å basere seg på marknadstilhøva på balansedagen. Dersom det ikkje er observerbare marknadsdata vert det vurdert korleis marknaden vil prise instrumentet, for eksempel basert på prising av tilsvarende instrument. I verdsettingane vert det kravd utstrekt bruk av skjøn, blant anna ved vurdering av kredittisiko, likviditetsrisiko og volatilitet. Ei endring i ein eller fleire av disse faktorane kan påverke fastsett verdi for instrumentet. Det er større uvisse enn elles i verdsettinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3.

IFRS 16 – Leiekontraktar

Standarden IFRS 16 gjeld alle leigeavtalar og trådde i kraft 1.januar 2019. I forbindelse med overgangen til IFRS frå 1. januar 2020 kunne dei unoterte bankane unnlata å bruke IFRS 16 for rekneskapsåret 2020 i samsvar med forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak. Banken implementerte difor IFRS 16 frå 1.januar 2021. Ved implementeringa av IFRS 16 vert leigeforpliktinga målt til noverdien av framtidige leigebetalingar og bruksrettseigedelen vert sett lik leigeforpliktinga.

For leigeavtalar som vert iverksett etter implementeringa 1.januar 2021 vil bruksrettseigedelen bli målt til kostpris. I etterfylgjande periodar vil leigeforpliktinga aukast for å spegle renta medan utførte leigebetalingar reduserer balanseført verdi av leigeforpliktinga. Rentene vert ført som rentekostnader i resultatrekneskapen og bruksrettseigedelen vert avskriva over leigeperioden. Banken har leige av lokal i Kristiansand som vart balanseført ved innføring av IFRS 16 1.januar 2021.

Banken har vurdert å nytte fylgjande prinsippval i standarden:

- Unntak for leigeavtalar med låg verdi og unntak for leigeavtalar med kort tidshorisont (kortsiktige leigeavtalar under 12 månadar). Leigebetalingane vert då rekna som ein kostnad lineært over leigeperioden.
- Unntak for endring av samanliknbare tal ved overgang til IFRS 16.

Bruksrettseigedelen er presentert saman med andre driftsmidlar/anleggsmidlar i balanseoppstillinga. Leigeforpliktinga er presentert på linja for anna gjeld. Implementering av IFRS 16 har ikkje hatt nokon innverknad på bankens eigenkapital per 1 januar 2021.

Bruksretten er tildelt risikovekt på 100 prosent, og verknaden på rein kjernekapital var uvesentleg ved implementering.

Note 2 – Kredittforringa engasjement**Misleghald over 90 dagar**

	30.09.23	30.09.22	31.12.22
Brutto misleghaldne engasjement - personmarknaden	2.854	5.085	2.336
Brutto misleghaldne engasjement - bedriftsmarknaden	0	0	888
Nedskrivningar i steg 3	-414	-506	-460
Netto misleghaldne engasjement	2.440	4.579	2.764

Andre kredittforringa

	30.09.23	30.09.22	31.12.22
Brutto andre kredittforringa engasjement - personmarknaden	4.462	2.340	5.098
Brutto andre kredittforringa engasjement - bedriftsmarknaden	1.288	0	0
Nedskrivningar i steg 3	-2.329	-2.136	-2.608
Netto andre kredittforringa engasjement	3.421	204	2.490

Note 3 – Utlån og fordringar på kundar, fordelt på sektor og næring**Utlån til kundar fordelt på sektor og næring**

	30.09.23	30.09.22	31.12.22
Landbruk	16.075	15.847	16.345
Industri	7.140	7.385	7.318
Bygg, anlegg	38.824	39.433	32.622
Varehandel	11.429	9.683	11.069
Transport	0	0	0
Eigedomsdrift etc	73.879	76.581	71.689
Anna næring	9.492	10.219	9.226
Sum næring	156.839	159.148	148.269
Personkundar	1.704.833	1.590.509	1.640.806
Brutto utlån	1.861.672	1.749.657	1.789.075
Steg 1 nedskrivningar	-1.101	-901	-977
Steg 2 nedskrivningar	-1.084	-1.388	-1.694
Steg 3 nedskrivningar	-2.742	-2.642	-3.068
Netto utlån til kundar	1.856.745	1.744.726	1.783.336
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	776.206	745.302	781.352
Totale utlån inkl. portefølje i EBK	2.632.951	2.490.028	2.564.688

Note 4 – Nedskrivningar og tap

Etter IFRS 9 er bankens utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på sannsyn for misleghald (PD) på innrekningsstidspunktet samanlikna med sannsyn for misleghald på balansedagen. Fordeling mellom steg vert føreteke for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i periodens nedskrivningar og brutto balanseførte utlån, garantiar og unytta trekkrettar for kvart steg, og inkluderer fylgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittisiko, frå 12 månaders forventa kredittap i steg 1 til kredittap over forventa levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utferding av nye utlån, unytta kredittar og garantiar
- Reduksjon i nedskrivningar ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldast endringar i inputvariable, utrekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.

30.09.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på utlån til kundar - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2023	578	1.023	2.757	4.358
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	23	-189	-105	-271
Overføringer til steg 2	-15	200	0	185
Overføringer til steg 3	0	-30	124	93
Nedskrivningar på nye utlån utbetalt i året	18	1	14	33
Utlån som er frårekna i perioden	-104	-327	-985	-1.416
Konstaterte tap			512	512
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-10	2	4	-4
Andre justeringar	66	182	-30	218
Nedskrivningar personmarknaden pr. 30.09.2023	555	861	2.291	3.708

30.09.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2023	1.482.268	151.007	7.433	1.640.707
Overføringer mellom steg:				0
Overføringer til steg 1	39.404	-36.402	-3.002	0
Overføringer til steg 2	-35.704	35.704	0	0
Overføringer til steg 3	0	-3.351	3.351	0
Nye utlån utbetalt	354.108	26.504	0	380.612
Utlån som er frårekna i perioden	-265.698	-50.323	-466	-316.487
Konstaterte tap				0
Brutto utlån til personmarknaden pr. 30.09.2023	1.574.377	123.139	7.317	1.704.833

30.09.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på utlån til kundar - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2023	399	671	311	1.381
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	79	-141	0	-62
Overføringer til steg 2	-7	69	0	62
Overføringer til steg 3	0	-7	114	107
Nedskrivningar på nye utlån utbetalt i året	32	4	89	125
Utlån som er frårekna i perioden	-14	-205	434	215
Konstaterte tap			-512	-512
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	35	-174	-11	-151
Andre justeringar	22	6	26	53
Nedskrivningar bedriftsmarknaden pr.30.09.2023	546	223	451	1.220

30.09.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2023	114.629	32.894	846	148.368
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	16.366	-16.366	0	0
Overføringer til steg 2	-10.746	10.746	0	0
Overføringer til steg 3	0	-301	301	0
Nye utlån utbetalt	16.422	818	0	17.240
Utlån som er frårekna i perioden	-783	-8.127	141	-8.769
Konstaterte tap				0
Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 30.09.2023	135.888	19.663	1.288	156.839

30.09.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på unytta kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2023	64	142	0	207
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	3	-11	0	-8
Overføringer til steg 2	-1	5	0	3
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nedskrivningar på nye kredittar og garantiar	5	1	0	6
Nedskrivningar på unytta kredittar og garantiar som er frårekna i perioden	-49	-94	0	-143
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-2	-9	0	-11
Andre justeringar	2	7	4	13
Nedskrivningar pr. 30.09.2023	23	41	4	67

30.09.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unytta kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2023	65.088	9.264	44	74.397
Overføringer:				0
Overføringer til steg 1	2.002	-2.001	-1	0
Overføringer til steg 2	-1.067	1.067	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nye/endra unytta kredittar og garantiar	26.683	3.054	0	29.737
Engasjement som er frårekna t i perioden	-20.158	-5.631	35	-25.754
Brutto balanseførte engasjement pr. 30.09.2023	72.548	5.753	78	78.380

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	30.09.2023	30.09.2022	31.12.2022
Endring i perioden i steg 3 på utlån	-326	250	525
Endring i perioden i steg 3 på garantiar	-4		
Endring i perioden i forventa tap steg 1 og 2	-486	51	641
Konstaterte tap i perioden, der det tidlegare er føreteke nedskrivningar i steg 3	458	0	
Konstaterte tap i perioden, der det ikkje er føreteke nedskrivningar i steg 3	255	67	67
Periodens inngang på tidlegare perioders nedskrivningar	-363	-145	-95
Tapskostnader i perioden	-466	223	1.138

Note 5 - Segmentinformasjon

Banken utarbeider rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Personkunder som vert fylgt opp av bedriftskundeavdelinga inngår i bedriftsmarknaden. Etter bankens vurdering er det ikkje vesentlege skilnadar i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovudmarknadane til banken. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gjev lite tilleggsinformasjon.

RESULTAT	30.09.2023				30.09.2022				2022			
	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto renteinntekter	35.619	4.285	-2.369	37.535	23.633	3.336	-605	26.364	33.785	6.310	-2.702	37.393
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			2.825	2.825			3.524	3.524			4.220	4.220
Netto provisjonsinntekter			7.706	7.706			8.208	8.208	8.629	1.219		9.848
Inntekter verdipapir			1.072	1.072			-906	-906			-318	-318
Andre inntekter			125	125			183	183			225	225
Sum andre driftsinntekter	0	0	11.728	11.728	0	0	11.009	11.009	8.629	1.219	4.127	13.975
Løn og andre personalkostnader			11.550	11.550			9.837	9.837			13.672	13.672
Avskrivningar på driftsmidlar			311	311			745	745			993	993
Andre driftskostnader			14.260	14.260			12.385	12.385			18.476	18.476
Sum driftskostnader før tap på utlån	0	0	26.121	26.121	0	0	22.967	22.967	0	0	33.141	33.141
Tap på utlån	66	320	80	466	329	-106		223			1.138	1.138
Gevinst aksjar			0	0			0	0			0	0
Driftsresultat før skatt	35.685	4.605	-16.842	23.608	23.304	3.442	-12.563	14.183	42.414	7.529	-32.854	17.089
BALANSE	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total
Utlån og fordringar på kundar	1.704.833	156.839		1.861.672	1.590.683	158.974		1.749.657	1.636.349	146.987		1.783.336
Innskot frå kundar	1.337.176	423.508		1.760.684	1.285.383	402.153		1.687.536	1.282.518	473.856		1.756.374

Note 6 - Verdipapir

Definisjon av nivå for måling av verkeleg verdi:

- **Nivå 1** - Verdsetting basert på noterte prisar i ein aktiv marknad for identiske egedelar og forpliktingar
- **Nivå 2** - Verdsetting som baserer seg på (1) direkte eller indirekte observerbare prisar for identiske egedelar eller forpliktingar i ein marknad som ikkje er aktiv, (2) modellar som nyttar prisar og variablar som fullt ut er henta frå observerbare marknader eller transaksjonar og (3) prising i ein aktiv marknad av ein tilsvarande, men ikkje identisk, egedel eller forplikting
- **Nivå 3** - Vurdering som baserer seg på faktorar som ikkje er observerbare eller eksternt verifiserbare.

Bankens verdsettingsmetodar maksimerer bruken av observerbare data der det er tilgjengeleg og belagar seg minst mogleg på selskapets eigne estimat.

30.09.2023				Sum
Verdsettingshierarki for verdipapir, til verkelig verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultatet		198.131		198.131
Aksjar og andelar til verkelig verdi over resultatet		31.168	-	31.168
Aksjar til verkelig verdi over andre inntekter og kostnader			90.379	90.379
Sum	-	229.299	90.379	319.678

Avstemming av nivå 3	Verkeleg verdi over andre kostnader og inntekter	Verkeleg verdi over resultatet
Inngåande balanse 01.01	90.208	
Realisert gevinst/tap	(48)	
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet	-	
Urealisert gevinst/tap ført mot utvida resultat	(1.260)	
Investering	2.199	
Sal	(720)	
Utgåande balanse	90.379	-

30.09.2022				Sum
Verdsetningshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultatet		178.562		178.562
Aksjar og andeler til verkeleg verdi over resultatet		29.846	-	29.846
Aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader			72.721	72.721
Sum	-	208.408	72.721	281.129

Avstemming av nivå 3	Verkeleg verdi over andre kostnader og inntekter	Verkeleg verdi over resultatet
Inngående balanse 01.01	65.821	
Realisert gevinst/tap		
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet	-	
Urealisert gevinst/tap ført mot utvida resultat	6.109	
Investering	791	
Sal	-	
Utgående balanse	72.721	-

Note 7 – Verdipapirgjeld

Lånetype/ISIN	Låneoptak	Siste forfall	Pålydande	30.09.2023	Bokført verdi 30.09.2022	31.12.2022	Rente- vilkår
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0013005298	01.09.2023	01.09.2026	50.000	50.157	50.075	50.094	3 mnd. NIBOR + 1,20 %
Sum gjeld ved utferdig av verdipapir				50.157	50.075	50.094	

Endringar i verdipapirgjeld i perioden	Balanse	Emitert	Forfalt/ innløyst	Andre endringar	Balanse 30.09.2023
Obligasjonsgjeld	50.094	50.000	-50.000	63	50.157
Sum gjeld stifta ved utferdig av verdipapir	50.094	50.000	-50.000	63	50.157

Note 8 – Kapitaldekning

	30.09.2023	30.09.2022	31.12.2022
Sparebankens fond	245.830	233.651	245.830
Gåvefond	4.450	4.234	5.484
Fond for urealiserte gevinstar	26.867	14.243	26.867
Sum egenkapital	277.147	252.128	278.181
Avsett gâver		0	0
Frâdrag i ren kjernekapital	-68.474	-45.741	-66.900
Ren kjernekapital	208.673	206.387	211.281
Frâdrag i kjernekapital	0	0	0
Sum kjernekapital	208.673	206.387	211.281
Frâdrag i tilleggskapital	0	0	0
Sum tilleggskapital	0	0	0
	0	0	
Netto ansvarleg kapital	208.673	206.387	211.281
Eksponeringskategori (vekta verdi)			
Statar	0	0	0
Lokal regional myndigheit	14.372	14.232	14.314
Offentleg eigde føretak	0	0	0
Institusjonar	1.179	2.653	1.180
Føretak	42.488	43.839	39.802
Massemarknad	0	0	0
Pantesikkerheit eigedom	690.353	658.286	675.234
Forfalte engasjement	7.155	4.805	5.150
Høgrisikoengasjement	6.373	6.399	6.420
Obligasjonar med føretrinsrett	8.129	8.432	8.330
Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	1.945	6.776	11.561
Andelar verdipapirfond	6.466	6.047	6.546
Eigenkapitalposisjonar	27.695	25.201	27.801
Øvrige engasjement	100.941	84.274	82.596
CVA-tillegg	0	0	0
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	907.096	860.944	878.934
Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	88.152	83.039	88.152
Berekningsgrunnlag	995.248	943.983	967.086
Kapitaldekning i %	20,97 %	21,86 %	21,85 %
Kjernekapitaldekning	20,97 %	21,86 %	21,85 %
Rein kjernekapitaldekning i %	20,97 %	21,86 %	21,85 %
Uvekta kjernekapitalandel i %	9,39 %	9,68 %	9,54 %

Frâ 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper.

Banken har en eierandel på 0,51 % i Eika Gruppen AS og på 0,81 % i Eika Boligkreditt AS.

	30.09.2023	30.09.2022	31.12.2022
Rein kjernekapital	266.020	246.265	267.232
Kjernekapital	272.499	252.403	273.150
	-		
Ansvarleg kapital	279.423	259.295	280.109
	-		
Berekningsgrunnlag	1.333.515	1.262.648	1.291.953
Kapitaldekning i %	20,95 %	20,54 %	21,68 %
Kjernekapitaldekning	20,43 %	19,99 %	21,14 %
Rein kjernekapitaldekning i %	19,95 %	19,50 %	20,68 %
Uvekta kjernekapitalandel i %	8,45 %	8,16 %	8,58 %